Styremöte i „Sunnhordlendingen" 11/6-68.

Desse var frammött då mötet vart sett: Formannen Lars Olav Tveita, Björg Tronshaug og Inge M. Helland og observatoren Olav Fjæra. Ny styreprotokoll vart så innvigd og formelt godkjend.

Årsmötet vart fastsett til primo september. Skrivaren vart pålagd å kontakta valnemda; Per Ivarsöy, Sigmund Myklevoll og Åse Liv Tveita. Som formannskandidat har Olav Fjæra lova å stilla seg.

„Sunnhordlendingen" fekk under mötet oppringing frå „Norhordlendingen" om at me kunne få disponera komande torsdag til dans i Gimle. Tilbodet vart mötteke med takk.

Det vart vidare fastsett at formannen skulle kontakta vaktmeisteren i Gimle for å leiga lysdagskveldane der frå hausten av.

F. M. Helland
- skrivar -

Styremöte i „Sunnhordlendingen" onsdag 28/8-68
Desse mötte: formann, kasserar, skrivar og varamann Åse-Liv Tveita
Omframt årsmöte vart fastsett til onsdag 18. sept. Det skulle vera på lagsrommet på Engen.
Sakliste:
Val av formann
Heving av medl. pengar: Kr. 15,- for vanlege medlemer, og kr. 10,- for studentar og skuleungd.
Ein fekk lovnad om dans i Gimle laurdag 7/9-68. Det vart oppsett vakter, billettörar og brusseljarar.
Formannen skulle ta seg av kunngjering og innkalling til det omframt årsmötet.

Inge alikal Helland
- skrivar -

Styremöte på lagsrommet 12/11-68

Det vart vedteke å melda laget inn i Vestlandske Teaterlag på 1/1-69. Vidare vart vedteke å kjöpa inn 100 lodd i Anne Grimdalen lotteriet. Desse skulle seljast vidare av medlemene. Vidare vart opplegget for jubiléet neste år dröfta, men ingen ting vedteke. Formannen nemte at me mätte få igang en studiering og han skulle ta seg av det. Til slutt dröfta ein opplegget for julegildet. Ein skulle spörja om rom i Fensal, og helst mätte ein freista få det laurdag 7. desember. Maten skulle vera rjomegraut og fenalår. Inge M. Helland vart pålagd å rökja etter om betaling til vaktmeisteren og garderobedamene dei kveldane ein leige Gimle for dans annankvar tysdag.

T. M. Helland
- Skrivar -

Styremöte i „Gimle" tysdag 3/12-68

Alle medlemer var bilsbades då formannen ynskte velkomen.
Etter Spurnad frå Hdl. Ungd.l. vart det vedteke at „Sunnhordlendingen" skulle skipa til årsmötet i Hordaland Undomslag våren 1969.
Vidare vart drifta opplegget for julegildet i laget som skulle skipast til i „Fensal" fredag 13.! desember. Til mat skulle ein ha rjomegraut og fonalår. Til no var det kome påmelding frå over 50 personar.
Tidlegare medlemer er i dette hövet kontakta med Spurnad om dei var interesserte i å vera med, og mange har svara positivt. Alt ser såleis ut til å verta vellukka.
Dette styremötet var teke samstundes med dansetilskipnad i Gimle.

godt nyft år!

1969

Styremøte onsdag 29/1-69

Alle var tilstades.

Det vart sett opp saksliste til årsmøte 12/2-69. Mikkel Heldal og Sebjørn Tråkedal så frå om at dei ikke ville stå i styret gjt år til.

Ein vedtok vidare å skipa til teaterkveld i samband med framsyninga av det nynorske spelstykket på D.D.S. „Låne for misfarne"

Vidare vart drøfta opplegget for dei to jubileumsfestane i Gimle og på Loddaheimen.

Ein drøfta også opplegget for dei turane ein har lenkt å ha til Suma Sunnhordalandsbygder denne våren. Noko dato vart ikkje fastsett.

Styremöte på Legsrommet 13/2-69.

På det första styremötet med det nya styret var desse mött fram. Formannen Olav Fjære, Inge M. Helland som blei vald til nestform Frode Knutsen blei ny styremedlem. Som ny skrivar blei Aase-Liv Tveita vald og Brynjulf Dalland står som 1. varamann. Björg Trondshaug kasserer var ikkje til stades.

Det första lagsmötet i det nya året blei sett til 18/2 der Sebjörn Frökedal og Mikal Heldal skulle stå for programmet.

Vidare blei datoen for skirennet med Sogningane på Kvamskogen fastsett til 9. mars. Frode blei vald til oppmann og Alf Bakke som varamann.

Det blei vedteke at „Sunnhordlendin" skulle gå saman med „Ervingen" på teatret å sjå „Måne for misfarne"

den 5. mars. Inge Mikal tok på seg å ordna med billettar.

Å dra på turne med spel-stykket blei også diskutert, men datoen for dette vil bli fastslege seinare.

Det vart fastslege å ha eit lagsmøte den 13. mars i Fensal og den kvelden skeal styret stå for programmet. På dette møtet vil me prøva å få med dei eldre medlemene i laget og formannen skulle prøva å få Per Lønning til å orientera om laget i tid-legare år.

Bladnemnda skulle prøva å koma ut med første nummeret av „Sunnavind" til denne kvelden.

Kragsmöte

Alle var tilstades då formannen ynkste velkomen.

Sidan me i år hadde tekke på oss å vera tilskipar av årsmötet til Hordaland Ungdomslag, måtte me i kveld drøfta programmet til festmötet som skulle vera 19. april.

Fjora skulle kontakta formannen i „Ervingen" Helge Berntsen for å få leiga Gimle både laurdag og sönday Som festtalar ville me pröva å få Harald Opedal og så skulle formannen få Jan Arne Markhus til å spela trekkspel. Ellers ville me pröva å få opplesing og spelmannslaget „Fjellbekken" til å spela. Me ville også få spellaget vårt til å syna fram spelstykket „Kjerringnad på Stridlandet."

Maten skulle Björg Tronshaug og Aase-Liv Toreta ta seg av.

Styremöte på Lagsrommet 10/4.-69.

Etterat formannen hadde opna mötet og ynsgt oss velkommen, blei det duett av Björg og Aase-Liv med "Titjarsongen".

Me gjekk så over til å velja utsendingar til årsmötet i Hordaland Ungdomslag som skal vera 19. og 20. april Desse blei vald:

1. Lars Olav Tveita
2. Björn Vik
3. Olav Tjøra

Varamann:
Aase-Liv Tveita.

Tjøra las så opp brev me hadde fått ifrå Haldor Oppedal som skreiv han var blitt sjuk og kunne diverre ikkje koma på festen Laurdagskveldem. Me måtte då sja oss om etter ny festtalar og spurde først Wilhelm som var svært oppteken, men skulle ta det på seg, dersom me ikkje fekk

ein annan.

Etter litt diskutering kom me fram til at me ville prøva å få rektor ved Fana Folkehögskule Kristian Bakk og han sa seg heldigvis villig.

Styremöte 1972.

28/2 Konstituerande styremöte på lagsromet. Desse mötte: Solveig Sigurd, Willy, Kjell og Solbjörg (som varamann).

Styret 1972 fekk denne samansetjinga: Solveig Vik (formann).
Sigurd Heggelund (nestform.).
Anne Karin Lunde (kasserar)
Willy Mjånes (skrivar)
Kjell Matre (styrelem)

Varamenn: (valgt av årsmotet)
1. Olav Kvernenes.
2. Solbjörg Tveita.
3. Terje Aase.

Ellers vart terminlista for våren 1972 dröfta. Vi tok sikte på fylgjande lagsmöte: 9/3 – 23/3 – 20/4 – 4/5 og 25/5.
Solveig skulle freista få fyrste lagsmöte (9/3) lagt til Havforskningsinstituttet. Kjell skulle under-

sökja, kor vidt vi kunne få ein "Gubbekveld 4/5.
Dessutan dröfta ein vårfest og komiteen. Ein tek sikte på 22 apr. Forebels vart berre to personar oppnemnde då ein vil freista få med eventuelt nye lemer i komiteen. Vi nemnde förebels opp berre Olav Tjøra og Sigm. Myklevoll.

26/4-72. Styremöte på lagsromet.
Sakliste var: 1. Utsending av bankgiro til medlemmene for kontin
2. Premiar til Sunnahurenn
3. Ang. 17-mai - skal me del i festen i Gimle.
4. Siste lagsmöte i vår.
Frammötte: Solveig Vik, Sigurd Heggel Anne Karin Lunde, Kjell Matre, Willy Mjånes. Dessutan L. O. Tveita, Gunn Skålevik.

Det vart dessuten dröfta hva ein skulle gjera med birsdagsdansane som no gjelk med underskot. Ein vart samde om å freista få til ein dans med eit viseprogram först og med musikk som kunne appellera til dei eldre.

Det vart dröfta å peika ut ein representant til komiteen som skal arkeida med det Internasj. folkedansgilde for 1973, og styret samla seg om Solbjörg Tveita.

Siste lagsmöte vart sett til 25/5-72. på Sunnfjordhytta.

Styremöte 1973.

12/3-73. Styremöte på lagsrommet.

19/3-73. Styremöte på lagsrommet.
Desse var møtt fram: Formannen, Kåre Vierdal, passeren Randi Helgesen, skrivaren Paul-Kåre Gjuvsland, styremedlemene Kjell Matre og Sigmund Myklevoll, varamannen Hans Heie.

Saklista: 1. Fellesmøte den 5/4-73.
Programmet vart drøfta og lagt opp.
2. Lagsmøte.
Det vart vedteke å ha lagsmøte tysdag den 27/3.
Programmet vart skissert.
3. Leikarringen.
Vanskeleg økonomisk stode for leikarringen.
Forslag om å ha 3 øvingskveldar til i vår,
betaling auka til kr. 2,- pr. person pr øving

Dessutan vart det drøfta ymse tiltak for å trekkje meir folk til laget, stemning for å skøyte annonsene for lagsmøta i avisene og i

staden ~~st~~ satse på plakater.

26/3-73. Styremöte på lagsrommet.

Sakliste: Lagsmöte 27/3
Utsendingar til Hordaland Ungdomslags
årsmöte, det vart vedteke å gje eit
tilskot på Kr. 50,- til dei som reiser.
Ymse tiltak for å betra
ökonomien til laget vart dröfta,
utan at konkrete vedtak vart gjorde.

2/4-73: Styremöte på lagsrommet.
Heile styret hadde mött opp.
Sakliste: 1. Bygdelagskvelden 5/4.
Programopplegget vart finpassa, og praktisk
komité vart oppnemnt.
2. Samarbeidet.
Samarbeidet med dei andre bygdelaga
vart dröfta, utan at noko avgjerande
vedtak ~~vart~~ kom i stand
Siste lagsmöte vart fastsett til 8. mai, avslutninga

for våren hjem i slutten av mai.

15/5-73: Styremøte på lagsrommet.
Heile styret var møtt fram.
Saksliste:
1. Avslutningsfesten.
Det vart vedteke at me skal prøva å få til o
gilde på Selvikhytta den 29. mai.
2. Uttaking av folk til folkedansgildet
Det vart oppnemnt ein gjeng med Sunnhordlendin
som skal bistå med det praktiske opplegget
under folkedansgildet.
3. Opplegg for hausten.
Ein vil gå inn for nytt leikkurs i september,
dessutan skal me prøva med aktiv medlems-
hverving og ny loppemarknad.

4/9-73: Styremøte på lagsrommet
Heile styret var til stades + Olav Fjøra og
Petter Erevær
Saker: Førebels fastsetjing av opplegget for
hausten. Første lagsmøte fastsett til 18. sept.

Det vart vedteke å fortsetja med fellesmøta i Gimle fram til jul.

Leikarringen skal prøva å få i stand leikøvingar også i haust, både for nominga og vidarekomne.

Ymse tiltak for å verva medlemmer vart drøfta, m.a. skal me prøva å gjera laget betre kjent ved å presentera det i lokalavisene i Sunnhordland.

Det vart vedteke at me skal prøva å få i stand loppemarknad saman med eit av dei andre laga i oktober.

Det vart og drøfta å setja ned ein komité som skal koma med nye idear og opplegg for lagsarbeidet, det var semje om å leggja dette fram for plenum på eit lagsmøte.

9/10-73: Styremøte på lagsrommet.
Styret var fulltallig.
Saksliste: 1. Den økonomiske stoda.
Det viser seg at økonomien er betre enn venta.
Det vart og drøfta om ein skulle gjera

medlemskap for heile 1974 for dei som betal
etter 1. november.
2. Haustfesten, vart fastsett til 17. nov.
Festkomité vart oppnemnt.
Bladstyraren vart rost av eit samla styre
for god avis.

9/10-73: Styremøte på lagsrommet.
Heile styret var til stades.
Sakliste: 1. Lagmøte 16/10-73
Program: Afrikakåseri av Sigmund.
2. 75-årsjubileet til Hordaland Ungdomslag
3. Eventuell loppemarknad.
Ingen nye vedtak i denne saka.
4. Neste fellesveld.
Drøfting av programmet.
Hans Heie delte ut epla.

20/11-73. Styremøte på lagsrommet.
Alle møtte, bortsett frå kasseraren.
Sakliste:
1. Program for neste fellesveld i Gimle.

2. Drøfting av opplegget for våren.
Kurs i gamaldans på og med 14. jan.

3. Program for julekosen.
Sigmund kåserer og viser lysbilete.
Song av songkoret i BUL.

4- Medlemspengar til Hordaland Ungdomslag. Me vil prøva å få prigjort eit del av desse pengane.

27/11-73. Utvida Styremøte på lagsrommet.
Heile styret var møtt fram + Per Tvarsøy, Hjalmar Tvedt og Elisabeth Fjøra.

Saklista: 1- Loppemarknad.
Det vart vedteke at me skal prøva å finna eit høveleg lager så me kan få samla inn loppen over eit lengre tidsrom, og få arrangera marknad i slutten av mars. Dessutan skal laget ta kontakt med forretningsdrivande sumpordlendingar og andre som kan bidra med loppen.
2- Studieringen. Det var stemning for å få i

gang vevkurs etter jul, dessutan skal studie-
ringen pröva å övainn stevleikar og liknande so
dei kan opptre med.

Verksemda til spellaget vart og dröfta
Hjalmar Tvedt meinte at ein burde ta oppigje
eit godt gammaldags amatörteaterstykke, de
er populære på bygdane, hevda han.

Til slutt vart det oppnemnt praktisk
komité til bygdelagskvelden den 29/11.

3/12: Styremöte på lagsrommet.
Alle frammötte.
Sakliste: 1. Julemöte den 11. des.
Programmet vart fastlagt. Dessutan vart det
bestemt at det skal serverast risengrynsgrau
denne kvelden.
2. Opplegg for våren.
Diskusjon om felleskveldane, det var stemnin
for å avslutta samarbeidet.
Kjell Matre kom med framlegg om å leiga
torsdagskveldane i 6 imle etter jul for å ha
gammaldanskurs, med större program enkelte

torsdagar. Mot Hans Heies stemme vart det vedteke å innföra ei ordning med at lagsmedlemmer slepp billägare på ymse arrangement f.eks. på gamaldanskurset.

3. Årsmöte. Fastsett til den 26. februar 74.
Denne valnemnda vart utteken: Willy Mjånes
Solbjörg Heggelund
Sebjörn Fröbedal
Kari Fedt Haugsbakk.

Opplegget for våren vart förebels fastsett slik.

22/1 : 1. lagsmöte
24/1 : Oppstarting av gamaldanskurs.
12/2 : 2. lagsmöte.
26/2 : Årsmöte
12/3 3. lagsmöte

Talt 7 lagsmöte vart sett opp på terminlista.

Styremøte 1974

6/3-74 Styremøte på lagsrommet
Desse møtte: Kåre Vindal, Randi Helgesen
Hans Heie, Paul-Kåre Gjuvsland,
Kjell Matre & Svein Bua.

1. Utsending av årsmelding
- Program for lagsmøtene framover
- Diskusjon om å fortsette med gamaldans på laurdagar, stemning for dette.
- Vedtaka å ~~støtte~~ leikaringen økonomisk
- Diskusjon om Rangvald Kåpe-kveld

CB.

18/3-74 Styremøte på lagsrommet
Til stades var: Kåre Vindal, Randi Helgesen
Hans Heie, Magnhild Hollund, Svein Bua
Konstituerande styremøte:

1. Kåre Vindal (formann) (valgt av årsmøte)
Sigmund Myklevoll (nestformann)
Magnhild Hollund (kassarar)
Svein Bua (skrivar)

Randi Helgesen (styremedlen)

Varamann (valgt av årsmøte):

1. Hans Heie
2. Ragnhild Nesse
3. Anna Skår

2. Vittalt å skipe til gamaldans laurdag 23/3.

2/4-74 Styremøte på lagsrommet
Til stades var: Sigmund Myklevoll, Magnhild Hollund, Randi Helgesen, Hans Heie, Sverin Bua

Saklista:

1. "Rangvald Vaage Kveld" torsdag 18/4-74

2. Lagsmøte 23/4-74 vart diskutert

3. Program vidare utover våren.

22/4-74 Styremøte på lagsrommet
Til stades var: Sigmund Myklwall
Randi Helgesen, Hans Heie,
Magnhild Hollund og Sveinbua!

Sakliste:

1. Oppseiing av Sunn-Nordland.

2. Lagsmøte 7/5-74.

27/5-74 Fellesmøte mellom styret og sørlaga
Til stades var: Sigmund Myklevoll, Svein Bua, Magnhild Hollund, Hans Heie, Lars Olav Tveita, Ragnhild Nesse, Olav Bjørgen, Elisabeth Fjøra, Kjell Matre, Gunbjørg Skålevik, Samson Bakke

1. Orientering om tiltak til hausten i Bygdelagsnemdi régi (Svein Bua)

2. Kjell Matre orienterte om hytte-planar (utvidelse & forandring.)

3. Lars Olav Tveita fortalde om leikarringen sine planar til hausten. Kurs frå 10 sept. og 6 kveldar framover, kvar tirsdag & torsdag

4. Opplegg for å skaffa nye medlemmer til laget. Lars Olav Tveita og

Svein Bua vart prålagd å tø seg av PR-opplegget.

5. Terminliste for haustn diskutert.
- Farebels timeplan for largsmøta vart sett opp:
17 sept., ~~2?0~~, 10. okt, 24. okt., 7. nov. 21. nov og 5. des.
- Hyttefest: 28. sept.
- Leikfest i oktober.
- Dessutan vart det diskutert å skipa til familiehelg på Sunnaben i slutten av august omvisning på "Gamle Bergen" i sept. og "Akvariusundag"

6. Medlemskontiguten for haust-semesteret for nye medlemmer vart vetake å vera kr 15,-

2/9-74 Stgremate

23/9-74 Styremote

Til stades var: Kåre Virdal, Sigmund Myklevoll, Hans Heie, Magnhild Hollund og Svein Bua.

Sakliste: 1. Løyving til Vestlandskappleiken i Bergen 74. Søknaden vart avslegen

2. Vedtatt å betale Kontigent ~~til~~ (medlemskap) til FN-sambrandet.

3. NU-lotteriet 1974.

4. Hyttefest på Sumaben. Festhavding Sigmund.

5. Haustfest. Prøve å arrangere haustfest 12 okt. Komite formann: Willy Mjånes
Per Olav Kallestad
Helga Gill
Knut Ove Gersvik

Toril Stramme
Mariann Rand.
Ragnhild Nesse.

6. lagsmøte 30. okt.

15/10-74 Styremøte

Til stades var: Kåre Virdal, Sigmund Myklevoll, Hans Heie, Magnhild Holmvik Ragnhild Nesse.

1. Ref. & diskusjon av haustfest
2. Lagsmøte m/ program
3. Økonomien i laget

29/10-74 Styremøte

Til stades var: Kåre Virdal, Sigmund Myklevoll, Hans Heie og Svein Bjørn.

Sakliste:

1. Valgnemd vart utteken:
Magnhild Hollund
Kjell Matre
Brit Brakestad
Svein Bua.

2. Drøfting av brev frå Bygdelagnemdi om løyving til en felles kasse som skal nyttast til å jamne ut underskot som var på tilskipingar i Bygdelagsveka-74.
Riknskapet til Sunnhordlingen i Bygdelagsveka viste eit underskot på kr.150. Soknaden frå Bygdelagsnemda var om laga ville betala kr.200- eige underskot. På grunnlag av dette vart det vedteke å løyve kr.50,- til den felles kassen.

3. Lagsmøte 7/11-74

Program for kvelden: Visesong av Alf Bakke og Silje Frokedal, Hans Heie og Olav Fjøsa (Radarparet) var konkurranse.

4. Julemøte 5/12-74

Vi vil prøve å få Åsane Folkehøgskole med program denne kvelden. Vi vil også prøve å holde dette lagsmøte i storsalen i Tonsal.

Styremøte 26/11-74

Til stades var: Kåre Vierdal, Hans Heie, Ragnhild Nese og Sven Buø.

1. Lagsmøte torsdag 5/12 vart diskutert.
2. Årsmelding. Det vart vedtatt å skaffe lysingar til årsmeldinga.

Styremøte 25.2.75

Til stades var: Svein Bua, Magnhild Hollund, Anders Kåre Engevik, Lars Sigurd Valvatne

Konstituerande møte.

Styret har følgjande samansetning:

Svein Bua (forman)

Lars Sigurd Valvatne (~~vest~~formann)

Magnhild Hollund (kasserar)

Kari Aarbakke (skrivar)

Anders Kåre Engevik (styremedlem)

Varamenn: Hans Heie, Helene Svalland, Otto Arne Utkilen.

Styremøte 3.4.75

Til stades var: Svein Bua, Lars Sigurd Valvatne, Anders Kåre Engevik, Hans Heie,

Sakliste: 1. Program for lagsmøta 10.4, 24.4 og 13.5 -75.

10.4.75 - Program: Kåseri av Anders Kåre Engevik. Sang av Hagnhild ~~Holland~~ Arholm.

24.4.75 - Program: Kai Corneliussen og Inger Mari Hetland.

13.5.75 - Program: Sang av Olaug Fjellstad og/eller Hagnhild Arholm.

2. Administrasjonstilskudd.

Orientering av formannen om at Bygdelagsnemnda ville nytta tilskotet frå Bergen Kommune til felles tiltak. Styret gjekk mot dette. Dei ville at pengane skulle utbetalast dei ein-

skildlaga og at ein så eventuelt kunne yta tilskott til Bygdelagsnemndi.

3. 17. mai 1975
Laget stiller med fana i Domkyrkja, og deltek i 17-mai prosesjonen.

4. NU-Lotteriet 1975
Vedtak om å tinga 150 lodd.

5. Årsmöte i Hordaland Ungdomslag 13. og 14. 4.
Lars Sigurd Valvatne og Kari Aarbakke vart uttekne til å vera tilstades.

Samrådingsmöte med sørlaga. 25.5.75
Til stades var: Svein Bua, Brit Bjørgstad, Olav Bjørgen, Hans Heie, Audun Ottem og Kari Garbekke

Sakliste:

1. Hytteutbetring. Bruk av tilskott frå feriefondet vart diskutert. Diskusjonen gav ingen konklusjon.

2. Skal vi driva SHL til hausten?
Program for hausten vart diskutert.
- Gammaldanskurs
- Leikarring
- Starting av ei visegruppe
- Lagsmøter 2. kvar torsdag.
- PR - framstøyt.
- Program for lagsmøta. Fyrste lagsmøtet i september med presentasjon av SHL, film frå hytta.

Samvådingsmöte 14.8.75

Styremöte 9/10 - 75

Til stades var: Svein Bua, Magnhild Hallund, Lars Sigurd Valvatne, Kari Garbakke og Hans Heie.

Sakliste:

1. Pengar frå fritidssekjonen
2. Program for lagsmöta 16.10, 13.11, 27.11 og 11.12 vart diskutert.
3. Betaling på lagsmöta.
   Dei som kjem etter dansen er byrja skall betala 5 kr.
4. Valgkomite:
   Lars Sigurd Valvatne (formann)
   Magnhild Arholm
   Jore Evanger
   Ragnhild Nesse
5. Årsmeldinga for 1975.
   Vedteke å senda brev til firma om

dei vil annonsera i årsmeldinga.

Styremøte 27.11.75
Til stades var: Svein Bua, Magnhild Hollund
Lars Sigurd Valvatne og Kari Aarbakke.
Sakliste:

1. Årsmeldinga, få inn rapportar frå
   sørlaga.
2. Program til julemøtet vart
   diskutert.

Styremøte 29.1.76.

Tilstades var: Svein Bua, Anders Kåre Engevik, Lars Sigurd Salvahn, Hans Heie, Kari Aarbakke

Sakliste:

1. Skolårs feiring.

Det vart diskutert om laget skulle laga til skolårsfest åleine eller gå saman med eit av dei andre laga.

Det vart vedteke at Svein Bua og Kari Aarbakke skulle møta på samrådingsmøte med Sømfjord-laget for å eventuelt laga skolårsfest saman med dei.

2. Program for våren.

Hus er bestelt for annankvar torsdag framover våren.

Gubbelaget ville koma med program ein av dei fyrste torsdagane etter årsmøtet.

Me vil og forsökja å få viseklubben Askeladden på eit möte.

Årsmötet torsdag 5.2. vart diskutert